

**Frå:** Rune Martin Ryland <rmryland@gmail.com>  
**Send:** onsdag 2. februar 2022 12:15  
**Til:** Hanne Marie Evensen  
**Kopi:** torbjorn-romarheim@hotmail.com  
**Emne:** Re: Vedr. førehandskonferanse gbnr. 217/43

**Kategoriar:** Arkivert i Websak

Hei igjen Hanne Marie

Dersom det blir slik at eg må søke dispensasjon så håpar eg at de kan rettleie meg slik at vi kan få den i orden så raskt som råd er. Eg kjem veldig bakpå med dette prosjektet, i forskrifta står det at førehandskonferanse skal gjennomførast seinast 2 veker etter at kommunen har fått melding om det. Eg må vente nesten 6 veker. Dessutan spurde eg om vegen allereie i november.

Slik det har blitt no vil eg ha med byggmester Romarheim i konferansen, er det noko meir han eller eg kan førebu slik at vi kan spare tid?

Årsaka til at eg treng å få opp hytta så snart som mogleg har med salget av gardsbruket mitt (217/2) å gjere. Etter at far min døyddde i haust opna det seg ein mogligheit for å selje til eit ungt par fra Romarheim. Dei hadde behov for å bestemme kor dei skulle busette seg relativt fort da dei nett har fått ein son, så eg har brukt mykje tid i haust og vinter for å få dette i orden medan sjansen var der. Ho er dotter til den einaste bonden som fortsatt driv aktivt på Romarheim. Salget til dottera tryggar drifta hans då han kan fortsette å bruke jorda, dette var også mykje av årsaka til at vi involverte Laila Bjørge på landbrukskontoret. Salget er også positivt for framtidstrua i bygda då eit ungt par kan ta over våningshuset og busette seg der. Eg vert dessutan trygg på at bruket vil utviklast vidare.

Eg har i dag ein god del materialar og anna stående på løa og i nauset på bnr.2, dette treng eg å flytte til hyttetomta så raskt som råd er for å frigjere plass for dei nye eigarane, difor er vegen ekstra viktig. Eg ønskjer også at eg og mine barn skal ha ein tilknytning til staden i framtida, der kjem hytta inn som løysinga.

Venleg helsing  
Rune Martin Ryland  
tlf 93034187

man. 31. jan. 2022 kl. 23:21 skrev Rune Martin Ryland <[rmryland@gmail.com](mailto:rmryland@gmail.com)>:

Hei og takk for svar.

Byggegrensa har eg tatt omsyn til når eg har planlagd hytta i terrenget, sjølv om det ville vore ei betre tilpassing i terrenget om hytta kunne ligge litt lenger mot sør.

Det som er spesielt med vegen er at kommunen sjølve har stukke den ut vidare inn på mi tomt frå der den endar i dag. Dette vart gjort i 2009, og så vidt eg veit vart det utført av Einar Rydland.

Eg har funne løyvet som vart gjeve for bygginga av vegen i 2009, sjå vedlegg. Det var min avdøde far Norvald Ryland som fekk bygd vegen og Gunnar Stusdal som var ansvarleg søkjar.

Eg har diverre ikkje funne sjølve søknaden med situasjonplanar osv., men den kan kanskje de finne?

Vegen vart i 2009 avslutta ved grensa til bnr. 43, slik at den ville vere klar til den dagen det skulle byggjast på tomta, vegen vart også som sagt stukke ut vidare inn på tomta av kommunen.

I samband med byggegrensa vil eg seie at sjølv om vegen no må byggast vidare ca 20m før den kjem bak byggegrensa, så meiner eg det må vere betre å få ein ende på vegen enn at den endar som no utanfor grensa og utan høve til å snu. Det vil som sagt også vere små terrengingrep i og med at det er ein naturleg trasè for veg i terrenget.

Til førehandskonferansen legg eg også no ved utdrag frå jordskiftesak der vegretten er beskreve.

Eg håpar de kan ta omsyn til desse innspela fram mot førehandskonferansen, og om mogleg finne fram opprinneleg søknad for vegen og om det er registrert i kommunen at vegen er stukke ut vidare.


Venleg helsing  
Rune Martin Ryland  
tlf 93034187

man. 31. jan. 2022 kl. 15:14 skrev Hanne Marie Evensen <[hanne.marie.evensen@alver.kommune.no](mailto:hanne.marie.evensen@alver.kommune.no)>:

Hei

Saken ble fordelt fra leder til meg 24.01.2022, så vi henger dessverre litt etter.

Slik veien er plassert på kartet så kommer denne i strid med byggegrense mot sjø, den vil derfor kreve dispensasjon. Byggegrense mot sjø er vist med stiplet linje på kartet:



Grunnarbeid og veg må, slik eg ser det, søkes om og gis løyve før du kan sette i gang med arbeid.

**Hanne Marie Evensen** | Rådgjevar byggjesak

Telefon: 56 17 11 69

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)



---

**Frå:** Rune Martin Ryland <[rmryland@gmail.com](mailto:rmryland@gmail.com)>

**Send:** mandag 31. januar 2022 14:55

**Til:** Hanne Marie Evensen <[hanne.marie.evensen@alver.kommune.no](mailto:hanne.marie.evensen@alver.kommune.no)>

**Kopi:** [torbjorn-romarheim@hotmail.com](mailto:torbjorn-romarheim@hotmail.com)

**Emne:** Re: Vedr. førehandskonferanse gbnr. 217/43

Hei,

eg har no svart ja på møteinnkallinga 17.februar, men hadde virkeleg håpa at de kunne ha moglegheit tidlegare. 17.februar manglar det ein dag på 6 veker sidan eg spurde om førehandskonferanse, dessutan har eg forsøkt å få svar på spørsmålet om kun vegen og grunnarbeidet sidan november. Det er i prinsippet det same spørsmålet som eg no stiller til i skrivet mitt til førhandskonferansen og som eg vil ha svar på då.

PS! Har også prøvd å ringe deg.

Venleg helsing

Rune Martin Ryland

tlf 93034187

man. 31. jan. 2022 kl. 14:06 skrev Hanne Marie Evensen

<[hanne.marie.evensen@alver.kommune.no](mailto:hanne.marie.evensen@alver.kommune.no)>:

### **Tidspunkt for førehandskonferanse - gbnr 217/43**

<b>Tiltak:</b>	Førehandskonferanse
<b>Byggjestad:</b>	Gbnr: 217/43
<b>Tiltakshavar:</b>	Rune Martin Ryland
<b>Ansvarleg søkjar:</b>	Byggmester Romarheim AS

Føremål og innhold i førehandskonferanse er skildra i byggesakforskrifta § 6-1, der det m.a. står at konferansen skal avklare tiltakets føresetnader og rammene for vidare saksbehandling. Kommunen vil føre referat frå konferansen.

Vi viser til din førespurnad om førehandskonferanse motteke 07.01.2022 . Det vert sett av tidspunkt for førehandskonferanse 17.02.2022 kl 10.00 på Teams. Dersom tidspunktet ikkje passar, må dette meldast tilbake til kommunen snarast mogeleg.

Førehandskonferanse er fastsett i kommunen si gebyrforskrift, og er på kr. 5500,-.

Det følgjer av gebyrregulativ for Alver kommune pkt. 2.16.5 at førehandskonferanse kan besvarast pr. brev, dette kostar 3500,-.

Det vert sett opp førehandskonferanse i form av møte (kr 5500,-), dersom de ynskjer at førehandskonferansen kun vert svart ut med brev, må dette meldast tilbake til kommunen snarast mogleg.

**Hanne Marie Evensen** | Rådgjevar byggjesak

Telefon: 56 17 11 69

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no](http://www.alver.kommune.no)



**ALVER**  
KOMMUNE